

Korskiljet i Eidfjord

Av Anne Marta Hoff

1. Innleiing

Det følgjande vert eit forsøk på å dra ut hovudpoenga av avhandlinga om korskiljet i Eidfjord som vart skreven i samband med hovudfagseksamen i kunsthistorie i Bergen våren 1991.¹

Eidfjord kyrkje ligg i Eidfjord i Hardanger i Hordaland fylke. Ho står på garden Nedre Læg Reid på vestsida av elva som deler bygda i to (fig. 1). Bygningen er oppført i kistemur og høyrer til ei gruppe kyrkjer med rektangulær grunnplan som vart reiste på Vestlandet i tidsrommet 1250-1350. Utfrå skriftlege vitnemål vart kyrkja i Eidfjord oppført kort etter 1300, men noko nøyaktig datering har vi ikkje.² Kor og skip i denne kyrkja har same breidde og høgde. Ved hovudinngangen i vest er det bygt til eit lite våpenhus i tre og over vestgavlen ein liten takryttar. Vestportalen, korinngangen på sørsida og dei smale mellomalderske vindaugo på sørsida og i austgavlen er innkledd med hoggen kleberstein.

Bygda har fått ny kyrkje og den gamle vert no berre nytta i særskilde høve.

I langkyrkjer med smalare kor utgjer korbogemuren eit naturleg skilje mellom kor og skip. Slik er det ikkje i kyrkjer av Eidfjordtypen og det har vore naudsynt å markera skiljet på ein annan måte. Det er få vitnemål i det ståande materialet om korleis dette skiljet har vore markert i mellomalderen i Noreg. Eidfjord er den einaste av desse kyrkjene som har

delar av korskiljet på plass og ein analyse og eit forsøk på rekonstruksjon er difor interessant også som bidrag til kunnskapen om korleis desse kyrkjene generelt kan ha vore innreidde.

2. Beskrivelse

Korskiljet slik det står i kyrkja idag går tvers over heile breidda av kyrkja (8,40 m) slik at koret utgjer om-



Fig. 1. Eidfjord kyrkje. Akvarell av Catharina Kølle. Foto: Riksantikvaren/Bergen Museum.



Fig. 2. Korskiljet sett mot aust. Foto: Teigen.

lag ein tredel av heile rommet (fig. 2). Høgda på korskiljet er omlag 2,5 m med ein noko høgre boge over den to meter breie opninga i midten. Det er symmetrisk oppbygd omkring midtaksen og på kvar side av midtopninga er det brystningar med spileverk over. Langs murane i nord og sør går det 2,5 m

høge vegger frå denne tverrveggen og to meter vestover i skipet. Preikestolen er plassert ved den sørlege sideveggen. Det finst rest av (på sørsida) og spor etter (på nordsida) to stolpar i flog med dei vestlege sluttstolpane i sideveggene. I aust-vest retning korresponderer desse med mellomstolpar i korskiljeveg-




Fig. 3. Korskiljet. Oppriss mot aust.

gen omlag ein meter frå midtopninga på kvar side. Sideveggene er i stavkonstruksjon, det same gjeld korskiljeveggen, men denne manglar ein del av dei typiske trekka ved stavveggen. For ein del skuldast dette ombygging, men det er vanskeleg å forklara alle avvika slik.

Korskiljeveggen kviler på ein dobbel syllstokk der nedre del er gjennomgåande frå mur til mur, medan øvre del berre går inn til midtopninga (fig. 3). Syllstokken har eit omlag 52 cm høgt trapésforma tverrsnitt med not i overkant og fint sprettelgde sider. Den øvre sørlege delen har eitt drypphol frå nota ut




Fig. 4. Korskiljet. Planskisse.

mot vest. Den øvre nordlege har to drypphol mot aust. Sideveggene kviler også på sprettelgde syllstokkar med trapésforma snitt. Tverrsnittet er lægre og det er berre ein stokk i høgda.

Dei ståande delane av konstruksjonssystemet består av stolpar med dels åttekanta, dels firkanta tverrsnitt, ved midtopninga og vest i sideveggene er stolpane åttekanta, i aust er sideveggene feste i tverrveggen ved halvdelte åttekanta stolpar (fig. 4). Det er altså ikkje regulære hjørnestolpar slik ein ville venta. Mellomstolpane i tverrveggen er firkanta med profil langs hjørna, medan dei stolpane som står/har stått vest for mellomstolpane er/har vore åttekanta. Dei fire stolpane i tverrveggen er rett avsaga i 2,5 meters høgde og må ha vore høgre, medan stolpane i sideveggene må ha hatt den høgda dei har no, ettersom dei har ei utsvinga kapitél-liknande øvre avslutting og har nedhogg for og restar av sperrer for saltak. Det same har etter det ein kan sjå vore tilfelle med dei frittståande stolpane. Den i sør som framleis

står er no 2 meter høg og ein anar at han vert vidare mot den øvre avsluttinga.

Dei indre felte i tverrveggen, mellom dei åttekanta og dei firkanta stolpane, har brystning av ståande veggbord som går ned i not i syllstokken og opp i not i ein tverrliggar omlag 1 meter over golvnivå. Det er to og eit halv bord på kvar side, dei er flate på begge sider, 4 cm tjukke og sette saman med not og fjør. Tverrliggarane som er 8 cm breie og 22 cm høge er fint profilerte langs hjørna oppe og på sidene og er nøyaktig innfelte i stolpane slik at dei dekkjer den eine flata på den åttekanta stolpen og flata mellom profila på den firkanta. Over tverrliggarane er det opningar med spiler med rombeforma tverrsnitt som er feste oppe i tverrliggar av same slag som under opningane. Dei øvre tverrliggarane avsluttar idag høgda på korskiljet, men har not i overkant.

Dei ytre felte frå mellomstolpane og ut til muren har også tette brystningar av ståande, 4 cm tjukke flattelgde bord med spileverk over. Det er seks bord




Fig. 5a. Sideveggene mot nord.

på kvar side. Dei yste borda langs muren går opp i korskiljet si fulle høgde og fungerer som feste for sideveggene. Brystningane er ikkje avslutta oppe ved tverrliggjar som i innerfelta, det er nagla fast eit profilert bord øvst på austsida og eit oppå dei avsaga bordendane. Over spileverksopninga er det heller ikkje nokon tverrliggjar, men eit tilsvarende bord som det nemnde profilerte på austsida. Dette har vore nagla fast på same måte til veggborda, men er reve laust og naglane er avknekte på innsida av bordet. Øvre avslutting av ytterfelta utgjer »tomkassar« med det profilerte bordet i aust, eit bord som feste for spilene under og oppattbrukte bord med dekorativ måling mot vest og oppå. Dei attbrukte borda går heilt inn til midtopninga.

Sideveggene er delte i to ved horisontale tverrliggjarar og avslutta oppe ved stavlægie (fig. 5). Dei nedre felta har ståande bord med not og fjør og krumma utsida (med tjørrespor?). Dei øvre felta har ståande, glattkanta bord som er sette inntil einannan.




Fig. 5b. Sideveggene mot sør.

Det er not for veggbord øvst i syllstokken, over og under på tverrliggjaren og under stavlægien. I overkant av stavlægien er det spor/restar etter taksperrer som har gått på skrå inn i rommet.

Korbogefeltet er sett saman av attbrukt materiale med ei indre kløverbladform som er utskoren av eit spissgavla felt som tykkjest ha ei opphaveleg form frå ein annan samanheng (fig. 6). Det er dekormåling på feltet som går ut til ei umåla rand langs kanten som i ein tidlegare situasjon må ha vore dekt med ei list. På sidene av gavlstykket er det lagt inn måla bord av same dimensjon som borda i tverrveggen, med restar av not og fjør. Mellom desse borda og gavlfeltet er det kvitmåla, profilerte kilar.

Av dei to frittstående stolpane er det berre den i sør som står no. Denne har spor etter feste av syllstokk i aust som korresponderer med tilsvarende spor i vestsida av søndre mellomstolpe. Det er ingen spor etter ledd som kan ha korrespondert med symmetrisk plasserte rektangulære innfellingar på vestsida.




Fig. 6. Korbogefeltet.

da av mellomstolpane. Den nordlege frittstående stolpen er påvist ved åttekanta utsparring i ein golv-lunn på tilsvarande stad som stolpen sør for midt-gangen.

Preikestolen står lengst vest ved sideveggen i sør. I sørmuren vest for preikestolen er det ei firkanta nisje/repositorium. I flog med korskiljeveggen er det merke i murane, omlag 90 cm over den noverande øvre avslutninga av veggen, i nordmuren i form av eit hol i muren, i sørmuren er holet attmurt med små steinar.

Den dekorative målinga som har vore til hjelp i analysen er datert av Jon Brønne til omlag 1660.

3. Andre har meint

Særleg rundt århundreskiftet i samband med evt. ombygging la fleire forfattarar fram si meining om korskiljet i Eidfjord. Tre hovudpoeng skil seg ut som vesentlege i denne diskusjonen.

For det første er det fleire (Bendixen, Schirmer, Jens Bull, Anders Bugge)³ som hevdar at sideveggene, dei frittstående stolpane og den »gjennomgåande stavlægjen« må ha bore noko og at dette noko må ha vore eit *lektorium*. For det andre er det spørsmålet om høgde og utforming av *tuerrveggen* der presten Tybring i 1903 hevda at veggen måtte ha vore mykje høgare, argumentet for dette var biletinnskrifter over spileverket på austsida.⁴ Det tredje og siste viktige momentet vart innført av Johan Meyer på ei teikning frå 1906 der han teiknar inn *sidealtaroverbygg* med saltak med grunnlag i bygningsrestar i samband med stavlæggene i sideveggene, ein tanke som H. Christie fører vidare i 1961 (fig.7).⁵

4. Analyse og rekonstruksjon

Undersøkinga har ikkje gjeve noko støtte til *lektoriehypotesen* som vart fremja ved århundreskiftet og som sidan har halde seg levande. Hovudargumentet for

lektoriet var at den doble stolperekkje må ha hatt »noget at bære«. Johan Meyer og Håkon Christie har vist at stolpane har bore overbygg over sidealtar og dette argumentet fell. Bendixen argumenterer elles med hola i muren over tverrveggen, at desse har vore opplegg for lektoriet, men hola kan like gjerne forklarast med ein høgre vegg. Bull trekker fram »det langsøpende opprettstående bord« som ei naturleg avslutting av vegg under lektoriet, men ei slik avslutting finst som vist ikkje. Det er såleis ingen haldepunkt for å halda fast ved tanken om lektorium i Eidfjord.

Tverrveggen. Den kraftige *syllstokken* for tverrveggen kan vanskeleg vera laga med tanke på den samanhengen han står i no. Drypphola i den øvre stokken er detaljar som høyrer heime i ytterveggen i ei stavkyrkje, men ikkje i ein vegg under tak. Forklaringa kan vera at ein her har nytta prefabrikkert materiale eller, noko som er meir sannsynleg, at ein har nytta oppatt materiale frå ei tidlegare stavkyrkje på staden. Ein må sjå det som nærast sikkert at det har vore kyrkje i Eidfjord før 1300.⁶

Stolpane i tverrveggen er avsaga i den høgda vegg har no og må ha vore høgre. Dei to åttekanta ved midtopninga og dei to firkanta mellomstolpane tykkjest svært godt tilpassa den situasjonen dei står i, både i høve til *syllstokken* og til tverrstykkja i innerfelta. Når det derimot gjeld utfyllinga av bord både utafor og innafør mellomstolpane, kan det ha skjedd endringar, ettersom det ikkje er fullt samsvar mellom not i stolpar og fjør i bord.

Veggene i felta har tydelig vore høgre. I felta nærast midtopninga er det not for bord i øvre tverrstykkje, i ytterfelta kan den høgre vegg påvisast utfrå følgjande analyse: På austsida over og under spileverksopninga er det festa profilerte bord. Det nedre




Fig. 7. Forslag til rekonstruksjon av korskiljet ved Johan Meyer 1906. Riksantikvaren.

er nagla fast tvers over veggborda rett under handllista. Det øvre har vore fastnagla på tilsvarende måte, naglane er no knekte og borda er vekke. Borda er truleg festa der i samband med at ein ynskte å laga spileverksopningar i vegg som frå først av har vore ein heil vegg, truleg ein gong etter reformasjonen. At dette må ha skjedd før omlag 1660, ser ein ved at det er dekorativ måling i snittflata av veggbordet




Fig. 8. Forslag til rekonstruksjon av korskiljet. AMH.

som vender inn mot spileverksopninga i sør. Det er sagspor i stolpar og bord oppe og nede i spileverksopningane som viser at opningane er sekundære.

Forfattarar som har teke for seg korskiljet tidlegare finn som nemnt ein gjennomgåande *stavlægje* som øvre avslutting av veggjen. At ein slik stavlægje ikkje finst i Eidfjord, let seg berre forklara ved ei se-

kundær senking av høgda på veggborda og i mangel av andre haldepunkt kan ein foreslå hola i muren som oppleggshol for ein tidlegare stavlægje.

Eit andre punkt ved denne veggjen som er vanskelegare å forklara, er at det ikkje er *sidestolpar* ved murane. Syllstokken er der, stavlegjen har truleg vore der, men sidedelane av ramma kan ikkje ha

vore i den kyrkja som står no. Dette er eit heilt sær-eige trekk som gjer at ein må stilla spørsmålet om veggene kan vera ein opphaveleg konstruksjon. *Korbogefeltet* er tydeleg sekundært. Sjølv om ei demontering av korbogefeltet gjev ein gamal spiss gavl med indre kløverbladform, kan ein ikkje plassera denne i korpinga, dels avdi ho er for smal. Det er ikkje funne haldepunkt for utforminga av korpinga i mellomalderen. Det er heller ikkje spor etter feste for dører i dei flankerande stolpane.

Gjennomgangen fører fram til ein rekonstruksjon av mellomalderveggen som vist på illustrasjonen (fig. 8).

Sidealtaroverbygga. Grunnlaget for påvising av sidealtaroverbygg er primært at det i stavlæggene over dei ståande sideveggene er restar etter saltakssperrer med fire sperrer i nord og tre i sør. Dei frittstående hjørnestolpane som det er restar av definerer, saman med det ståande materialet, området for desse små bygga. Høgda på veggene er gitt med stavlæggjen. Sperrerestane gjev vinkelen for saltaka. Austveggen må ha vore tett. Veggene ved muren har vore som no, todelte med ulik materialbruk i dei to felte. Veggene inn mot midtgangen er det få haldepunkt for. Både i veststolpen og mellomstolpen er det spor etter ein syllstokk med små dimensjonar, elles er det ingen korresponderande spor i stolpane. Stavlæggjen må der ha vore, kva som har vore mellom er det ikkje haldepunkt for, kanskje det ikkje har vore noko.

Takvinkelen og breidda på altaroverbygga gjer det mogeleg å plassera kløverbladsopninga frå korbogefeltet her i vestopninga i overbygga. Dette er vel den rimelegaste alternative plasseringa.

Ein ville elles venta å finna ei form for kvelv under saltaka inni altaroverbygga. Det finst ein del tynne, lett krumma bord i korskiljet som skil seg ut som ei

gruppe og som kan ha vore bord i den eine eller begge kvelvane.

Samansettinga av sidealtaroverbygg og tverrvegg viser at det heile ikkje er tenkt som ein konstruktiv einskap, men at ciboria er sekundære i høve til veggene i alle høve i den meining at veggene er oppført først, så ciboria.

5. *Sluttmerknader*

Undersøkinga har kunna visa til tre trekk ved korskiljet i Eidfjord som tidlegare ikkje har vore kjende og som er grunnleggjande for forståinga av konstruksjonen. Det eine er at stavlæggja manglar. Det andre er at sidedelane av ramma ikkje finst. Det tredje er det lite heilskaplege sambandet mellom sidealtarciboria og korskiljeveggen. Korskiljet må gå attende til kyrkja si oppføringstid, men samstundes ber ein del av arbeidet preg av å vera sekundært og peikar i retning av ein atbrukshypotese. Dei 6 sikre dendrokronologiske prøvane frå korskiljet fordelar seg frå 1210 og 1255. Ingen av dei har borkkant og ein kan ikkje pressa gjennom ein atbrukshypotese utfrå prøvane isolert sett.⁷ Samstundes er det både formalt og bygningsarkeologisk mykje som peikar i retning av at delar av korskiljet er oppattnytta materiale frå ei stavkyrkje, ei stavkyrkje som då ikkje ville vore noko gamal kyrkje først på 1300-talet.

Formalt sett viser det seg ved ein gjennomgang av europeisk parallellmateriale at det er austveggen i stavkyrkjeskipet som ligg nærast den rekonstruerte korskiljeveggen i Eidfjord med dei tette sideveggene og eit tredelt korskilje. Om ein konkret skulle gjera bruk av korskiljet frå ei tidlegare stavkyrkje då ein sto framfor oppgåva å skulle byggja korskilje i ei ny steinkyrkje i Eidfjord, kan ein tenkja seg at dei fire

stolpane med tverrliggjarar mellom utgjorde den vesentlege delen av det gamle korskiljet. Den austlege syllstokken frå stavkyrkja kan ha vore for kort og vorte erstatta av stokkar frå langveggene, noko som ville forklara drypphola. Ein har så fylt ut til muren med veggbord i syllstokken og lagt ei stavlægeje over det heile. For å gje den høge veggen støtte i sideretning, har ein lagt stavlægeja opp i murane.

Ciboria ser og ut til å ha gjenbrukt material, det gjeld t.d. nedre del av sideveggene og kanskje stolpane. Likevel er det trekk som peikar i retning av at desse er konstruerte for steinkyrkja. Dersom dei rekonstruerte spisse gavlane med kløverbladsboge er rett plasserte, er dette eit trekk som peikar i retning av tidleg 1300-tal i Noreg. Vidare er det slik at breidda på ciboria høver for godt inn mellom muren og mellomstolpane til å vera teken rett frå ein annan situasjon.

Ein atbrukshypotese forklarar det atypiske i oppbygginga av veggen, med dei tette sidefelte. Han rimeleggjer at veggen ikkje har avsluttande stolpar ved murane. Vidare forklarar han karakteren av sekundært arbeid som er så tydeleg i samansettinga av ciborium og korskiljevegg.

Sett som heilskap står korskiljeveggen fram som ein noko forvirrande konstruksjon idet det utifrå mange detaljar går fram at dei som bygde det kunne stavbygging, på den andre sida er det altså mange vitnemål om at dei ikkje kunne det. Den framsette hypotesen fjernar denne forvirringa.

Notar

1. A.M.Hoff: Korskillet i Eidfjord, Bergen 1991, MS. Oppmålingsteikningane er utførte av Ola Storsletten og A.M.Hoff 1989 for Riksantikvaren.
2. DN IV 85, 1310. Det er opplyst at Thorgeir Peterssøn på Spånheim testamenterte ei gåve til »vppgerdar kirkiunne j Eidaafiridi«.
3. Bendixen 1904 s. 484-495. Schirmer (1907). Bull 1912. Bugge 1934.
4. Tybring 1903 s. 239-243.
5. Christie 1961 s. 47-112.
6. Eidfjord vart overført til Stavanger bispedøme i 1125. Kolltveit I, s. 190.
7. Hoff 1991 s. 120.

Litteratur

- Bendixen, B. E.: Kirkerne i Søndre Bergenhus Amt. Bergen 1904.
- Bendixen, B. E.: Antikvariske lagttagelser. Aarsberetning 1880.
- Bendixen, B. E.: Antikvariske lagttagelser. Aarsberetning 1881.
- Bugge, Anders: Kirkebygninger og deres utstyr. Norge. I: Nordisk Kultur, Bd. XXIII, Oslo 1934.
- Bull, Jens: Eidfjord kirke, Eidfjord sogn, Hardanger. Aarsberetning 1912.
- Christie, Håkon: Kinsarvik kirke og dens restaurering. Årbok 1961. Diplomatarium Norvegicum, DN.
- Kolltveit: Granvin, Ulvik og Eidfjord i gamal og ny tid. Band I og II, Bergen 1977.
- Mohn, Agnethe: Malte rundekorasjoner på Vestlandet under renessanse og barokk. Særtrykk av Bergens historiske forenings skrifter, nr.44, 1938.
- Schirmer, H. M.: Utdrag av dagbok. Riksantikvaren – 277. (1907) Manus.
- Tybring, F.: Resultat af endel undersøgelser i Eidfjord kirke. Aarsberetning 1903.
- Aarsberetning og Årbok er årboka til Foreningen for norske fortidsminnesmerkers bevaring.